

PROTEST MOT OMSØKT REGULERING AV KVITEBERGSVATNET I ØLVE

Vi viser til søknaden frå Alsaker Fjordbruk AS/Ølve Bruk AS om løyve til regulering og uttak av vatn frå Kvitebergsvatnet til produksjon av smolt.

Underteikna Ingemar Røyane er eigar av Røyane gnr 21, bnr 1 og 6. Eva Røyane er eigar av gnr 21, bnr 7, ein fritidseigedom som har tinglyst bruksrett til båt- og badeplass ved vatnet.

Røyane er ein av gardane som ligg ned til Kvitebergsvatnet og den garden som har mest lågtliggjande dyrka areal nede ved stranda. Ei regulering opp til kote 10 vil bety at deler av bøen Øyra vil bli ståande under vatn. Båtplassen vår med lagune og flytebryggje vil bli overfløymd og vera utan tilgang, det same gjeld sandstranda på badeplassen. Det knyter seg også uvisse til korleis tilkomsten til naustet vil bli. Sjå vedlagt kart som viser korleis kote 10 snor seg langt inn på tørt land.

Vi vil på det sterkaste protesterta mot at det vert gjeve løyve til den omsøkte reguleringa.

Ved høg vasstand plar vatnet liggja kring kote 9,4. Høgare vatn enn dette skaper vanskar for vår bruk av vatnet og for framtidig landbruk på den lågstliggjande bøen. Dette har vore ein av dei største og beste slåttemarkene på heile garden.

Det er for tida ikkje aktiv landbruksdrift på garden, men overfløymd bø på Øyra vil skapa vanskar for eventuell framtidig drift. Bøen der nede ved vatnet blir no brukt som fotballbane for dei 10-15 borna og ungdommane som er heimehøyrane på garden. Deler av boltreplassen deira vil bli svært fuktig og ikkje lenger brukande til leik og idrett.

For oss på garden Røyane er livet på og omkring vatnet viktig for livskvaliteten og det er heilt avgjerande å ha god tilgang til båt- og badeliv. Det er for tida seks fastbuande i fire hus på garden. I tillegg kjem to personar som leiger hus. I helgar og feriar er mange ungdommar heime på besøk. To fritidshus er også mykje i bruk. Alle brukar vatnet til rekreasjon og aktivt friluftsliv. Mange fiskar. I periodar har garden også drive næringsfiske etter aure. Til tider leiger vi ut hus til turistar som også har glede og nytte av vatnet.

Ei oppdemming som den omsøkte vil fjerna naturlege landingsplassar på land og på holmane, synlege skjer og strender vil forsvinna. Landskapet vil bli endra. Det er difor underleg at rapporten som følgjer søknaden kan slå fast at dette naturinngrepet får ubetydelege konsekvensar for landskap, landbruk, flora, fauna, friluftsliv og turisme.

Når det gjeld kulturminne er berre den gamle kverna i elva mellom vatnet og sjøen nemnd. Søknaden underslår andre viktige kulturminne ved vatnet. I mange hundre år var det ein svært aktiv steinindustri med uttak av baksteheller på austsida av Kvitebergsvatnet, seinare var det gruveaktivitet i området søraust for Attramadal. Begge desse industriane hadde utskipingshamner i vasskanten. Frå kaiar ved vatnet vart stein og koparkis frakta med prammar ned til Eide og derifrå på eit transportsystem ned til sjøen ved Slagget. Som namnet seier låg det der ei smeltehytte.

Det som framleis finst av spor etter desse hamnene ved Kvitebergsvatnet vil forsvinna i djupet dersom søkjaren får løyve til å demma opp vatnet. Dette gjeld blant anna ei oppmura

steinbryggje som etter alt å døma blei brukt til steintransporten. I skråninga oppom vatnet ligg mykje avfall etter steinproduksjonen. Kanskje finst det også kulturminne under vassflata i dette området. Dette har aldri vore undersøkt.

Ein ting er å demma opp vatn i utmarka og i fjellet der det ikkje bur folk. Å overfløyma strendene og bøane i busett område ved eit vatn som er mykje brukt både av fastbuande og tilreisande, er noko heilt anna. Difor ber vi om at NVE avviser denne søknaden.

Med helsing

Eva Røyrane Ingemar Røyrane